



SYKKYLVEN KOMMUNE  
KOMMUNEPLAN  
AREALDELEN  
2025-2035

PlanID15282022006

## **Planomtale**

HØYRINGSUTKAST  
(utkast 16.01.2025)



## INNHALD

<b>Innhald .....</b>	<b>3</b>
<b>1 Bakgrunn for planarbeidet.....</b>	<b>5</b>
<b>2 Kommunale mål .....</b>	<b>6</b>
<b>3 Rammer for planarbeidet.....</b>	<b>7</b>
3.1 Nasjonale rammer .....	7
3.2 Regionale rammer .....	7
3.3 Lokale rammer .....	8
<b>4 Utfordringer og muligheter for Sykkylven .....</b>	<b>9</b>
<b>5 Om planforslaget .....</b>	<b>10</b>
5.1 Hovudgrep i planforslaget .....	10
5.2 Berekraft.....	11
5.3 Utbyggingsområde.....	11
5.3.1 Bustad.....	11
5.3.2 Fritidsbebyggelse .....	12
5.3.3 Offentleg og privat tenesteyting .....	13
5.3.4 Næring .....	13
5.4 Samferdsel .....	13
5.5 Grønnstruktur.....	13
5.6 Landbruks-, natur- og friluftsmål .....	14
5.7 Universell utforming.....	14
5.8 Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.....	14
5.9 Naturmangfald .....	14
5.10 Folkehelse.....	14
5.11 Barn og unge .....	15
5.12 Kulturminne .....	15
5.13 Landbruk.....	15
5.14 Strandsone og vassdrag .....	15
5.15 Råstoffutvinning .....	15
<b>6 Samfunnstryggleik.....</b>	<b>16</b>
6.1 Verksemdsrisiko.....	16
6.2 Naturrisiko .....	17
6.3 Ustabil grunn.....	17
6.4 Stormflo.....	17
6.5 Skredfare .....	18
6.6 Flodbølgeoppskylling.....	18
6.7 Flaumfare.....	18
6.8 Sårbare objekt.....	18
6.9 Støy.....	19
<b>7 Omsynssoner (PBL § 11-8) .....</b>	<b>19</b>



# 1 Bakgrunn for planarbeidet

Sykkylven kommunestyre vedtok i planstrategi for Sykkylven kommune 2021-2023 (Kst-sak 13/21) å starte rullering av kommuneplanen - arealdelen, i løpet av 2022.

NU vedtok planprogram og planoppstart den 3.10.2022 (sak 54/22). Oppdatert planprogram 09.01.2023.

Kommuneplan arealdelen vart sist vedtatt i 2013, for perioden 2013-2025. Grunna behov for samordning av plankart og føresegner med nyare kommunedelplanar for sentrum/Ikornnes og Straumgjerde var det behov for rullering av planen no. Samordna regelverk for heile kommunen gir auka forutsigbarhet og forenkler plansituasjonen for alle partar.

## Plan- og bygningslova (PBL)

PBL § 11-1 «Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel og arealdel.»

PBL § 11-5 «Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk (...) Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk er ivarett.»

Kommune(del)planens arealdel er juridisk bindande (PBL § 11-6). I område der det ikkje ligg føre eller er stilt krav om reguleringsplan (jf. § 12-1 andre ledd), skal kommuneplanens arealdel fylgjast ved behandling av søknad om tiltak etter PBL § 20-1 første ledd.

## Planområdet


Kommuneplanen dekker heile kommunen unntatt områda med eigne kommunedelplanar:

Kommunedelplan for sentrum-Ikornnes (2019)  
Kommunedelplan for Straumgjede (2017)  
Kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet (2014)  
Interkommunal delplan for sjøareala (pågåande arbeid)

Kommunedelplanane skal framleis gjelde og arealdelen til desse planane vert ikkje omfatta av rulleringa.

Sentrum-Ikornnes og Straumgjerde er relativt nye. Delplan for Nysæterområdet vart meldt oppstart på i desember i 2023.

For sjøareal i Storfjorden vedtok kommunestyret i planstrategi for perioden 2021-2023 (Kst-sak 13/21) at Sykkylven skulle gå inn i eit samarbeid med Stranda kommune og Fjord kommune om ein felles plan for sjøareala. Planen er under arbeid og var til 1. gongs offentleg ettersyn sommaren 2024.



## 2 Kommunale mål

Arealplanen skal skape forutseielege rammer for framtidig arealbruk i kommunen. Planen skal legge til rette for lokal utvikling og ivarta nasjonale målsettingar.

Overordna mål nedfelt i samfunnsplan for Sykkylven (2023):

- Sykkylven er ein berekraftig kommune i tråd med FN's berekraftsmål.
- Sykkylven har eit berekraftig og mangfaldig næringsliv som tilbyr varierte arbeidsplassar.
- Sykkylven er eit berekraftig lokalsamfunn med høg livskvalitet for innbyggjarane
- Sykkylven kommune leverer tenester av god kvalitet tilpassa innbyggjarane sine behov og innanfor berekraftige økonomiske rammer.
- Sykkylven er ein attraktiv kommune å bu i.

## 3 Rammer for planarbeidet

### 3.1 Nasjonale rammer

Regjeringa legg stor vekt på at FN's berekraftsmål vert lagt til grunn for kommunal planlegging. Kommunal innsats er avgjerande for at Norge skal nå nasjonale klimamål. Samordna areal- og transportplanlegging blir sentralt i planarbeidet.

Gjennom forventningsdokumentet *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* (2019) peikar regjeringa på ein del omsyn kommunane bør legge særleg vekt på i si planlegging for å gjennomføre nasjonal politikk.

Regjeringa legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- Å skape eit bærekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk bærekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt bærekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Planarbeidet skal skje i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Statlege planretningslinjer for ulike tema og nasjonale rettleiarar utdjuvar og legg føringar for planarbeidet.

*Statleg planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*, tilseier auka fokus på samspel mellom kommuneplanen-arealdelen og kommunedelplanane som dekker tettstadane i kommunen.

Føringar for lokal arealplanlegging framgår elles av ei rekke andre statlege og regionale dokument, til dømes (lista er ikkje uttømmende):

- Rikspolitiske retningslinjer (RPR), Barn og planlegging
- Miljøverndepartementet, rundskriv T-4/96: Planlegging og ressursutnytting i kystsona.
- Miljøverndepartementet, rundskriv T-5/99 B: Tilgjenge for alle
- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap: Håndtering av havnivåstigning i kommunal planlegging.
- Statlig planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen.
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012)
- Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv
- Statens vegvesen, Møre og Romsdal, rammeplan for avkjørsler

### 3.2 Regionale rammer

**Statsforvaltaren** presenterer årleg sitt [forventningsbrev](#) til kommunane der ein utdjuvar og tilpassar nasjonale føringar til lokale tilhøve i Møre og Romsdal. I 2023 peikar statsforvaltaren særleg på store utfordringar knytt til følgjande tema:

- Klimaendringar og tap av natur
- Krig i europa
- Fattigdom og utanforskap
- Psykisk helse
- Strammare kommuneøkonomi
- Mangel på folk og kompetanse

**Møre og Romsdal fylkeskommune** legg gjennom [Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal](#) (2024) regionale føringar for kommunane. Fylkesplanen, med sine underliggende delplanar og strategidokument, skal bidra til ei samordna og målretta utvikling for heile fylket.

I regional planstrategi 2020-2024 peika fylkeskommunen ut fire langsiktige utviklingsmål :

Møre og Romsdal skal

- vere god på regionbygging og samarbeid
- vere pådrivar for å løyse klima- og miljøutfordringane
- vere eit attraktivt og inkluderande fylke der folk vel å bu
- ha eit konkurransedyktig næringsliv og ein innovativ offentleg sektor

Fylkesplanen består av 17 fylkesplanmål som stakar ut retninga fylkeskommunen vil at fylket skal utvikle seg i. Fylkestinget vedtek delplanar og fylkesstrategiar innan for ulike målområde, alle med verknad for kommunal planlegging.


### 3.3 Lokale rammer

#### Samfunnsplan

Sykkylven kommune vedtok ny kommuneplan - samfunnsdelen i 2023.

Planen har berekraft som overordna og gjennomgåande verdi, med følgjande prioriterte innsatsområde:

- Verdiskaping og arbeidsplassar
- Tenestekvalitet
- Busetting
- Livskvalitet, likeverd og mangfald



#### Arealstrategi

Lokal arealstrategi er nedfelt i samfunnsplan for Sykkylven(2023):

Sykkylven skal ha ein arealbruk som balanserer behov for utbygging og vern på ein berekraftig måte. Arealstrategien peikar på fleire grep for å nå målsettinga:

- Ha god oversikt over arealbruk ved å lage arealrekneskap.
- Ha arealeffektiv bruk av eksisterande bustadareal og infrastruktur (transformasjon, fortetting, samordna bustad-, areal- og transportplanlegging).
- Legge til rette tenlege næringsareal ut frå noverande og moglege framtidige behov med fokus på både eksisterande næringsliv og moglege nyetableringar og nye bransjar.
- Styrke jordvernet og så langt råd er unngå omdisponering av dyrkajord.
- Stille krav til ivartetaking av matjord ved omdisponering av areal.
- I alle planprosessar vurdere om eldre unytta bustadareal er eigna ut frå dagens krav, eller om det skal først tilbake til LNF-føremål.



- Forvalte sjøareala på ein berekraftig måte ut frå egne interesser og i samarbeid med omkringliggande kommunar.
- Sikre viktige natur- og friluftsområde, grøntkorridorar og nærturområde.
- Sikre areal til samanhengande gang- og sykkelveggar.
- Sjå framtidig hyttebygging i eit berekraftperspektiv (arealrekneskap, klimaavtrykk, naturpåverknad, mm)
- Forvalte utmarksareal på ein berekraftig måte som grunnlag for livskvalitet, folkehelse og naturbasert næringsutvikling.
- Ha fokus på trygge areal til alle bruksformål.

## 4 Utfordringar og moglegheiter for Sykkylven

- Motvirke folketalsnedgang.
- Gjere Sykkylven meir attraktiv for nye innbyggjarar.
- Vekst og utvikling for eksisterande næringsliv.
- Omstille og tilrettelegge for nye arbeidsplassar.
- Utnytte potensiale for reiselivsnæring i kommunen.
- Vidareutvikle sentrum .
- Skape ein berekraftig kommune i tråd med FNs berekraftsmål.
- Klimatilpassing – tryggleik for følgjer av klimaendringar.
- Omstille og tilpasse det kommunale tenestetilbodet i tråd med endra behov og rammevilkår. (Samfunnsplan, 2023)

### Folketalsutvikling

1.1.2023 var det 7630 innbyggjarar i Sykkylven. Ved utgangen av 1.kvartal 2023 var det auka med 17 personar. Dette er ei meir positiv utvikling enn prognosene tilseier. Utviklinga er avhengig av innvandring og tilflytting. Fødselsoverskotet svingar mykje frå år til år, men er over tid i gjennomsnitt negativt. Det vil seie det døyr fleire enn det blir fødd i kommunen.

Over tid er kommunen blitt meir avhengig av tilflytting for å oppretthalde folketallet. Det har vore ei positiv nettoflytting inklusiv innanlandsflytting dei tre siste åra. Ein utviklinga i arbeidsmarknaden er ein vesentleg faktor. Kommunen er i fleire samanhengar Internasjonal uro får ringverknader for flyttemønster og sysselsetting. Kommunen har status som omstillingskommune, der det vert arbeida systematisk med å etableire fleire bein å stå på, samt trygge dei bedriftene ein har.

Prognosene for framtidig utvikling frå Statistisk sentralbyrå, viser framleis ein negativ utvikling. Prognosene viser også endra alderssamansetting. Generelt sett blir det fleire eldre og færre yngre, ei utvikling Sykkylven ikkje er åleine om.

Endringane kan få store konsekvensar for både næringsliv og kommunale tenester.

Saman med den generelle samfunnsutviklinga, tilseier endringane auke i hushald med ein- eller to personar.

Utviklinga vil venteleg gi eit endra bustadbehov i åra framover. Mindre husvære, fleire leilegheiter, sentral plassering nær tenestetilbod, butikkar og kollektivtrafikk er generelle trendar.

## 5 Om planforslaget

Plandokument:

- Planomtale (PO)
- Plankart
- Føresegner (FØ)

Konsekvensutgreiing av innkomne forslag (KU) går fram av eige vedlegg.

Plankartet utgjer saman med planføresegnene dei juridisk bindande dokumenta av kommunedelplanen. Til saman viser desse hovudtrekka i den framtidige arealdisponeringa og set rammer for nye reguleringsplanar og behandling av søknad om tiltak. Dokumenta skal gje forutsigbarheit for innbyggjarar, grunneigarar og utbyggarar.

Planføresegnene er generelle og tematiske, knytt til arealformål og knytt til omsynssoner. Lovheimel er oppgitt for kvart punkt og refererer til plan- og bygningslova 2008 (PBL) der anna ikkje er oppgitt.

Retningsliner er nytta for å utdjupe og gje tolkingsgrunnlag for innhald i føresegnene. Retningslinene er ikkje sjølvstendig heimelsgrunnlag for vedtak, men kan vere av opplysande karakter og vere retningsgjevande som vurderingsgrunnlag for plan- og byggesaksbehandling. *Retningsliner står i kursiv.*

Plankartet viser noverande og framtidig arealbruk. At arealbruk er vist som noverande treng ikkje bety at arealet er tatt i bruk til vist arealføremål, men at vedtak om arealbruken er gjort.

Utgreiingar knytt til planarbeidet:

- ROS-analyse 2022
- Barn og unges arealbruk 2023
- Folkehelse og arealbruk 2022
- Klimagassutslepp arealplan – Foreløbig utgave – Multiconsult 2023

### 5.1 Hovudgrep i planforslaget

Planen legg til rette for utvikling gjennom eit variert bustadtilbod og ulike næringstiltak i heile kommunen.

Planen vidarefører reserve næringsareal frå gjeldande plan, samt legg til rette for nye reiselivsprodukt.

Berekraft-prespektivet er styrka i nytt planforslag, særleg ved auka fokus på jordvern og redusert klimagassutslepp.

Jordvern er styrka ved at 215 da dyrkajord omdisponert til byggeformål i gjeldande plan, er ført tilbake til LNF.

Planen gir redusert klimagassutslepp, samanlikna med gjeldande plan, på 7500 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar over 20 år. Viktigaste årsak er at 180 da skog omdisponert til byggeformål samt 16 da myr i gjeldande plan, er ført tilbake til LNF.

## 5.2 Berekraft

MÅL: Sykkylven er ein berekraftig kommune i tråd med FNs berekraftsmål (Samfunnsplan 2023)

Hovudgrep i planforslaget er tilbakeføring av 215 dyrkajord og 180 da skog frå byggeareal i dagens plan til LNF i ny plan.

Ny plan reduserer klimagassutslepp på 7500 tonn CO2-ekvivalentar over 20 år, samanlikna med gjeldande plan.

Tilrettelegging for busetting i heile kommunen gir levedyktige grender, attraktive og varierte butilbod, og bidreg til å oppretthalde tilbod og aktivitetar i heile kommunen.

Nye næringsareal knytt til landbrukstilknytt, naturbasert reiselivstilbod.

Planen ivertek grøntområder og ferdselsårer. Kyststi og gang-/sykkelveggar er del av plan.

Følgjande berekraftsmål er særleg berørt:



## 5.3 Utbyggingsområde

### 5.3.1 Bustad

Synkende folketal er den alvorlegaste trusselen for Sykkylven kommune i åra som kjem. Attraktive bustadområde er eitt verkemiddel for å motverke denne utviklinga.

Foreslåtte nye byggeområde er konsekvensutgreidd etter fast mal, samt gitt ei særleg landbruksfagleg vurdering (vedlegg til konsekvensutgreinga).

Attraktive tomter er eitt av fleire verkemiddel for å legge til rette for ei utvikling i kommunen som kan motverke prognosen for folketalutvikling. Det er viktig å kunne tilby eit variert spekter av bumoglegheiter. Eit innslag av spreidd busetting er ønskeleg, og verkemiddel for å oppretthalde gode bumiljø i heile kommunen.

I dag er ca 30% av bustadmassen i kommunen innanfor planområdet. Ut frå generelle samfunnsendingar, og i samsvar med statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, kan ein forvente at andelen vil minke noko i framtida. I berekningar i samband med [kommunedelplan sentrum/Ikornnes](#) i 2019, anslo ein at denne andelen vil kunne minke ned mot 20% i framtida.

I 2019 vart det estimert eit samla bustadbehov i Sykkylven på minimum 25 bueiningar pr år dei neste 10 åra. Ut frå desse berekningane vil ein, med 12 års planhorisont, ha behov for 60 nye bueiningar innanfor planområdet.

Mykje av busettinga innanfor planområdet er spreidd busetting eller små klynger eller felt. Ut frå eit mål om busetting i heile kommunen, der varierte bumoglegheiter vert vurdert som ein

attraktivitetsfaktor, er det lagt mindre vekt på direkte kopling mellom behov og da areal. I staden er det vektlagt at det skal vere ulike moglegheiter fordelt over heile kommunen.

Arealbehovet fordeler seg ulikt på ulike bustadtypar. Fordelinga mellom ulike bustadtypar har endra seg over tid. I tettbygde strok vert det færre einebustadar og fleire meir kompakte buformer (leilegheiter, fleirmannsbustadar).

Kommuneplanområdet er i stor grad prega av spreidd utbygging. Ein ventar ikkje same tendensen i spreidd område som i tettstasområda.

Normalt vil ein ta utgangspunkt i arealbehov for einebustad, om lag 1 da pr tomt, altså 60 da. Ønske om tilrettelegging for busetting i heile kommunen, inkludert spreidd utbygging, gjer eit slikt reknestykke lite eigna.

Ut frå ønske om spreidd utbygging /varierte tomtetilbod, må ein berekne ein større «overkapasitet» på byggeareal enn vanleg. Antal da tilgjengeleg vert derfor mindre relevant, sett opp mot tilgjengeleg areal fordelt i heile planområdet.

Det er derfor ein større reserve i denne planen enn kva forventa behov skulle tilseie.

#### 5.2.2 Reserve bustadareal i gjeldande plan (2013)

Gjeldande plan inneheld mykje unytta byggeareal. I planprosessen er grunneigarar av unytta byggeareal kontakta med spørsmål om aktuell bruk mm. Grunnane for at areal ikkje er tatt i bruk er mange. Fleire uttrykker ønske om å ta areala i bruk.

Rammebetingelsane har endra seg mykje over tid. Mykje areal som vart lagt ut for 20 år sidan er mindre aktuell byggegrunn i dag. Endra kostnadsbilete og endra preferansar hos bustadkjøparar gir påverkar situasjonen.

Høgare planleggings- og utbyggingskostnader saman med redusert marknadsinteresse gjer at utbyggerar er avventande til å starte planlegging av større felt.

Om lag 297 da vert vidareført frå gamal plan. I veileidar for fortettingsanalysar (AsplanViak) står det at «erfaringsmessig kan ca 50% av potensielt utbyggingsareal bebyggast. Resterande areal går med til infrastruktur, ulike fellsfunksjonar og anna.»

#### 5.2.4 Tettstadutvikling

Kommuneplanen omfattar i hovudsak areal utanfor tettstadane. Det er vektlagt korte avstandar innad i heile kommunen. Tettstadane treng aktive og levedyktige krinsar, og motsett vil funksjonelle tettstadar med sentrumsfunksjonar innan kort avstand, vere ein styrke for heile kommunen.

#### 5.3.2 Fritidsbebyggelse

Planforslaget inneheld eitt nytt naustområde og to rorbuområder. Rorbuområda er til dels omgjerung av eksisterande naust.

Ut frå arealbruk i forhold til strandsonevern og privatisering vert ikkje desse tiltaka vurdert som særleg konfliktfylte.

Retningslinjer for eksisterande og eventuelle nye naustområder vert samordna med reglar vedtatt i kommunedelplan for sentrum/ikornnes (2019) og Straumgjerde (2017). Generell maksimal nauststorleik er 50m<sup>2</sup> BRA. Eventuelle behov for større naust må avklarast gjennom reguleringsplan.

### 5.3.3 Offentleg og privat tenesteyting

Med utgangspunkt i dagens arealsituasjon for skule og barnehage, og forventna folketalsutvikling er det vurdert at areal til tenesteyting i planområdet har tilfredsstillande kapasitet for planperioden.

### 5.3.4 Næring

Arbeidsplassar er ein nøkkelfaktor for busetting. Sykkylven er eit nasjonalt tyngdepunkt innan møbelproduksjon, men har og viktig innslag av annan industri. Industrien er i stor grad eksportretta og utsett for internasjonale konjunktursvingingar. Næringsmessig er kommunen rekna som sårbar med høg bransjespesialisering og høg hjørnesteinsfaktor.

Kommunen er ein del av arbeidsmarknadsregionen kring Ålesund. Om lag 450 personar pendlar inn til kommunen, og 650 personar pendlar ut av kommunen. Utpendlinga har auka noko seinare år.

Kommunen har eit godt og variert handelstilbod. Utvida tilbod i Ålesund/Moa og betre kommunikasjon legg auka press på den lokale handelen.

Industriareal er avsett i Velledalen, Hundeidvik mm. Nye næringsareal er kun mindre områder. Til dels er det nytta Landbruksområde for spreidd næring, som opnar for Landbruk+ aktivitetar, dvs landbrukstilknytt næringsverksemd. Jamfør politiske signal held ein fast på eksisternade industriareal i plan, men avviser eit nytt areal i Velledalen grunna omsyn til jordvern.

## 5.4 Samferdsel

Planforslaget legg ikkje opp til nye vegar. Eksisterande plan vert vidareført.

### Storfjordsambandet

Planområdet omfattar delar av Storfjordsambandet. Brusambandet er ikkje planlagt eller prosjektert i slik detalj at ein har sikre vegtrasear og lokalisering av tunellpåhogg på Sykkylvssida. Ulike alternativ har vore skissert frå Storfjordsambandet AS. Desse er vist som illustrasjonar i plankartet.

## 5.5 Grønnstruktur

Formål grønnstruktur blir brukt som samleformål der ein ikkje ser behov for å konkretisere bruken. Det er glidande overgang mellom LNF, uteopphaldsareal, og grønnstruktur.

Grønnstruktur i gjeldande plan er behalden. Dei attraktive turområde og turmåla ligg i utmarksområda i planområdet.

Det er få forslag om endra arealbruk. Endringane inneber minimale inngrep og reduserer ikkje friluftverdi, og hindrar heller ikkje tilkomst til utfartsområda. Badestrand i Hundeidvik er lagt inn som friområde.

Kommunen har over tid arbeida systematisk med sikring av parkering ved viktige utfartsområde. I planområdet er ny parkeringsplass for turområdet Riksheimdalen eitt slik tiltak (statleg sikra i 2022, opparbeiding 2023/24). Det er og lagt inn ein parkeringsplass ved Litlevatnet som skal betre legge til rette for parkering til eit mykje brukt turområde.

Eksisterande urørte strandsoner er behaldne som del av grønnstruktur.

Samanhengande Kyststi frå Hundeidvik til Søvikdal er illustrert i plan. Prosjektet er ikkje detaljplanlagt men er vist i plan for å synleggjere hovudprinsippet; ein kystnær sti med eins merking gjennom heile

kommunen. I hovudsak er det merking av sti/rås i utmark, utan eller med minimal opparbeiding og unnateke plankrav.

## 5.6 Landbruks-, natur- og friluftsførmål

Landbruksnæring pregar planområdet. Landbruket er ei vesentleg næring i Sykkylven, med i hovudsak grasbasert produksjon av mjølk og kjøt.

215 da dyrkajord og 180 da skog er tilbakeført til LNF.

Tre mindre areal er tatt inn som såkalla Landbruk+areal. knytt til utvikling av reselivsprodukt. LNF-spreidd næring opnar for landbruksrelatert næringsverksemd.

LNF-område for spreidd busetting er behaldne frå førre plan. Og det har kom inn eit nytt. LSB19 Velledalen.

To av områda for spreidd bustad har fått krav om reguleringsplan. Dette er LSB11 Gjeveneset og LSB19 Velledalen. Dette er grunna at LSB19 er nytt område i plan og LSB11 har fått ei anna utstrekning enn i tidlegare kommuneplan (anses då som nytt område) og begge områda ligg innanfor aktsemdområder for naturfare. Det stillast difor krav til at reel fare blir avklara på siste plannivå. Kommunen ser det ikkje som hensiktsmessig å avklare den reele faren på kommuneplannivå, difor blir det stilt krav om reguleringsplan.

## 5.7 Universell utforming

Prinsipp om universell utforming skal leggest til grunn ved all plansaker, ved planlegging og utbygging av publikumsretta bygg, alle kommunale bygg og offentlege eller felles private anlegg og uterom.

## 5.8 Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Planområdet omfattar ein liten del av busettinga i kommunen. Kommunen vurderer det som viktig å oppretthalde busetting i heile kommunen. Det er korte avstandar og ein anser ikkje den lokale politikken å vere i strid med nasjonale mål om samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

## 5.9 Naturmangfald

Planområdet omfattar store fjell- og skogsområde.

Byggeområde i plan er ikkje i direkte eller indirekte konflikt med registrerte viktige naturverdiar jamfør naturbasen/gislink/eigne BM-kartleggingar.

## 5.10 Folkehelse

Planen sikrar viktige friluftsområder og turvegar. Det er lagt inn gangvegar langs hovudvegnettet i Velledalen.

Gang/sykkel-avstand til skule/barnehage/butikk og kollektivtrafikk er del av vurderingsgrunnlag i konsekvensutgreiinga.

Det er søkt å legge grunnlag for ein grøntstruktur som legg til rette for meir gang- og sykkelbruk.

### 5.11 Barn og unge

Ved utforming av planen er det tatt omsyn til barns interesser, jfr barnetrakk-kartlegging og samarbeid med skular og ungdomsrådet.

Krav til uteareal, leikeplassar mm vert samordna med nyare kommunedelplanar og norm tilrådd av fylkesmannen (2017).

Sikring av viktige friluftsområde er vidareført og utvida frå gjeldande plan.

Trygg skuleveg er nytta som viktig kriterium ved vurdering av nye byggeområder.

### 5.12 Kulturminne

Planområdet omfattar kulturminner av ulik karakter, frå automatisk freda til lokalt verneverdige.

Prosesen må avklare aktuelle sikringstiltak og nedfelle desse i plankart og føresegner. Sentralt grunnlag vil vere grunnlagsdokumentasjon frå forarbeidet til lokal kulturminneplan som er under utarbeiding. Som del av planarbeidet inngår kulturminne og-landskap

Registrerte kulturminne er avsett i plankart.

### 5.13 Landbruk

Siste 15 åra er tal aktive bruk redusert frå ca 130 til ca 70. I same perioden har produksjonsareal auka frå ca 110 til ca 160 da pr bruk. Utviklinga siste åra kan tyde på ei stabilisering.

Produksjonsvolumet har i stor grad blitt oppretthalde eller berre opplevd ein mindre reduksjon i same periode. Mykje drift er basert på leigejord.

Statleg politikk er eit strengt jordvern for å hindre nedbygging av dyrka og dyrkbar jord.

Jordvern opp mot behov for byggeareal i sentrumsområda er ei sentral utfordring i planprosessen.

Nasjonalt politikk må leggast til grunn, saman med behovet for å skape eit meir attraktivt tettstadsområde

Det er utarbeida ei eiga landbruksfagleg vurdering av nye byggeområde.

Planforslaget tilbakefører 215 da dyrkjord frå byggeformål til LNF.

Planforslaget inneheld areal avsett til landbruk – spreidd næring, retta mot gardstilknytt reiselivsnæring.

### 5.14 Strandsone og vassdrag

Strandsone er ein avgrensa ressurs med store ålmenne interesser.

Ålmenn tilgang til strandsona er viktig for attraktivitet og god folkehelse. Sikring av friluftsområde og strandsoner for ålmenn bruk må knytast opp til funksjonalitet og trygg tilkomst.

For å ivareta natur-, kulturmiljø- og friluftsimteresser langs vassdrag kan ikkje andre tiltak etter pbl § 1.6 1.ledd enn fasadeendring og riving settast i verk nærare enn 50-meter på begge sider av vatn og andre større vassdrag (formål med «Bruk og vern av sjø og vassdrag») eller 20 meter på begge sider av øvrige vassdrag, dersom ikkje anna er bestemt i reguleringsplan. I byggeområde er det att ei byggegrense på 50 meter frå strandlinja. Naust/orbuer kan plasserast nærare, forutsett at dei stettar krav til tryggleik jfr. byggtknisk forskrift. Naust og orbuer skal sikre ålmenta tilkomst langs fjøra.

Sjøområda inngår ikkje i planen. For sjøareala deltar Sykkylven kommune i eit felles interkommunalt planarbeid saman med Stranda og Fjord kommune.

### 5.15 Råstoffutvinning

Det er to registrerte masseuttak som er i drift i Sykkylven. Hundeidvik og Andestad pukkverk.

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) har ei levetidsanalyse for byggeråstoff som viser at Sykkylven

har god tilgang på både lausmassar og fast fjell i lang tid framover. Analysen er basert på driftsrapportering frå uttaka som er i drift.

For masseuttaket i Hundeidvik vart dette utvida i samband med kommunedelplane i 2013 og det er no ein oppdatert gjeldande reguleringsplan for området, Detaljregulering Masseuttak Huna II, vedtatt 12.12.2022.

## 6 Samfunnstryggleik

Kommunen har ansvar for at nye byggetiltak ikkje vert plassert slik at menneske eller materielle verdiar vert utsett for fare.

Fare- og aktsemdssoner i plan (kart og føresegner) sikrar omsyn til kjente kartlagte risikotilhøve. Der arealbruk kjem i konflikt med aktsemdsoner risiko, må nærare undersøkingar gjerast for å avklare faktisk risiko for det enkelte byggjeprojekt, ev. utgreiing av avbøtande tiltak som kan sikre planlagt utbygging. Dette er innarbeidd i føresegnene til planen.

Utbygging innanfor faresoner må dokumentere tiltak som stettar krava sett i byggt teknisk forskrift, TEK17 kap 7.

Utbyggingsareal er søkt lagt utanom risikoutsette områder. Der dette ikkje er råd på grunn av naturgjevne tilhøve er det gjennom føresegnene pkt 2.1.2 sett krav om nærare risikovurdering i samband med detaljregulering og byggesak.

Dette gjeld mellom anna tiltak som ligg i områder med potensiell risiko for ustabil grunn, og tiltak i område som er flaumustsett eller utsett frå oppskylling etter fjellskred i Åkneset.

For ustabil grunn viser rettleiar 7/2014 frå NVE til trinnvise vurderingar for auka presisjonsnivå ved avgrensing av aktsemdsområder. Grovaste avgrensing er marin grense. Vidare avgrensing (innskrenking) av aktsemdsområde kan vere til områder med marine avsetningar. Ytterlegare analysar kan skje ved terrengeanalyse, grunneundersøkingar osv.

I planområdet er marine avsetningar og marin grense svært nær samanfallande område. Enkelte innslag av elveavsetningar kan ha potensielle kvikkleireføyrekomstar under.

Omsynssone H310\_3 er lagt inn i plankartet for areal som har potensiell fare for kvikkleireskred, med krav i føresegner om dokumentasjon på tilstrekkeleg tryggleik ved detaljregulering/byggesak.

Heilskapleg ROS-analyse for Sykkylven (2022) ligg til grunn for planarbeidet.

Kunnskapsgrunnlag: NVE kartkatalog fare og aktsemdsområder (fleire tema), NGI-rapport Åknes/Tafjord-prosjekt 20051018-00-1-R, revidert 21.02.2011, NVE rapport 34-2015 Skredfarekartlegging i Sykkylven kommune, NVE-rapport 9-2007 – Flaumsonkart Aureelva. Berekna oppskylling frå Åknes-ras, havnivåstigning (NGI-rapport Åknes/tafjord-prosjekt 20051018-00-1-R, revidert 21.02.2011), Kvikkleire-kartlegging i Sykkylven (NVE 2018).

### 6.1 Verksemdsrisiko

Verksemdsrisiko kartlegg verksemdar som kan innebere ein høgare risiko for at farlege situasjonar kan oppstå. I Sykkylven gjeld dette til dømes drivstofflager, kjemikalilager og gasstankar i industribedrifter.

Det ligg ikkje denne typen verksemdar eller storulukkebedrifter innanfor planområdet.

Det er ikkje registrert grunnforureiningar i planområdet.



Sykkylven Energi (utførande VA-ansvarleg i Sykkylven) arbeider systematisk med sanering av kloakkutslepp. Sanering av eldre anlegg vert utført i tråd med Hovudplan avløp.

Nedslagsfelt for drikkevatt kartlagt og vist med eigne omsynssoner i plan.

## 6.2 Naturrisiko

Naturrisiko omfattar ulike naturtilhøve som kan innebere risiko for skader på liv og materielle verdiar. I Sykkylven er det særleg rasfare og flodbølgeoppskylning sentrale risikomoment. I samaband med klimaendringar og endra nedbørsmønster er flaum og eit særleg risikomoment for delar av planområdet.

Store delar av planområdet ligg under marin grense og kan vere potensielt ustabil byggegrunn. Fare- og aktsemdssonar er lagt inn i plan.

## 6.3 Ustabil grunn

Fare for ustabil grunn er særleg knytt til marine avsetningar og fare for kvikkleire. Områda langs fjorden ligg under marin grense. Tettstadorområda langs Sykkylvsfjorden er kartlagt av NVE (2018). Aktsemdsområde for kvikkleireskred er tatt inn i planen (H310\_3). Ved evt konflikt med aktsemdsonene vil det vere krav om avklaring av reel fare og evt. avbøtande tiltak.

Omsynssone H310\_4 viser aktsemdsone marin leire som viser områder med middels til svært stor moglegheit som marin leire under marin grense. I områda med omsynssone H310\_4 som ikkje overlapper med H310\_3 er det ikkje fare for kvikkleireskred. Det kan likevel vere marine lausmasser som kan føre til setningsskader på for eksempel bygg. Den lokale stabiliteten i grunnen skal difor vurderast ved at fagområde geoteknikk skal ansvarsbeleggast ved omsøking av søknadspliktige tiltak med krav om ansvarsrett.

## 6.4 Stormflo

Det er utarbeida ein rapport ved Nansensenteret/Bjerknessenteret og Kartverket i høve havnivå og havnivåstigning: «Sea Level Change for Norway: Past and Present Observations and Projections to2100». Med utgangspunkt i denne har Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) utarbeida rettleiaren «Havnivåstigning og stormflo» i 2016.

Ut frå dette grunnlaget er fare for stormflo vurdert til følgjande i ulike sikkerhetskassar:

Tryggleiksklasse 1	2,4 moh
Tryggleiksklasse 2	2,6 moh
Tryggleiksklasse 3	2,7 moh

Berekningane omfattar ikkje lokale vind- og bølgetilhøve. Berekning av lokale vind- og bølgetilhøve skal vurderast ut frå kunnskap om lokale vind- og bølgetilhøve. Det eksisterer ikkje nokon mal eller normer for dette, noko som gjer vurderinga vanskeleg.

NVE si kartlegging av vind opererer med ei oppløysing på 1x1 km, og er ikkje detaljert nok til å gi kunnskap som kan nyttast i denne problemstillinga.

Ut frå erfaringar frå tidlegare stormsituasjonar med vindskade er det pålandsvind (sørvest-nordvest) som er mest skadegjerande i. Fjordbassenget i planområdet er ope mot Storfjorden. I stormsituasjonar kan vinden genererer store bølgeskader, og gi bygningskade på tak og liknande. Ut frå dette vurderer kommunen at lokale vindtilhøve vil krevje ytterlegare sikkerhetsmarginar innafør planområdet.

Soner for stormflo er ikkje i plankartet grunna at det er vanskelig å gjengi stormflosener med gjentaksintervall grunna at bølgepåverknad er ein variable faktor for dimensjonerande kotehøgde.

## 6.5 Skredfare

NVE kartla skredfare i delar av planområdet i 2015. Resultata ligg føre i NVE rapport 34-2015

*Skredfarekartlegging i Sykkylven kommune.*

Områda med faresone ras og skred er vist i plankartet med omsynssone H310\_1. Dette er ei samlesone for dei tre tryggleiksklassen/gjentaksintervalla, 1/100, 1/1000 og 1/5000. Det er laga ei samlesone for å betre lesbarheita i plankartet. Skredutsette soner er avsett som omsynssone i plan, i samsvar tilgjengelege data frå NVE. I føresegna er det klargjort at sonene til dei ulike tryggleiksklassene er nærare definert i NVE rapport 34/2015 og på NVE sine sider. Det er i føresegnene stadfesta kva som gjeld innanfor dei tre tryggleiksklassene.

For områda som ikkje er farekartlagt er det aktsemdsone H310\_2 ras- og skredfare bratt terreng som gjeld. Dette er ei samlesone som består av aktsemdkart for snøskred S3 (2023), aktsemdkart for steinsprang, og aktsemdkart for jord- og flaumskred. Dette er gjort etter råd frå NVE. Innanfor denne sona må tryggleik og reel fare mot skred vurderast i alle plan- og byggesaker vurderast i samsvar med gjeldande rettleiing til NVE.

## 6.6 Flodbølgeoppskylling

I Åknes rapport 05.2011 Scenario og prognoser for fjellskred og flodbølgjer frå Åknes og Hegguraksla er det gitt oppskyllingshøgder for to scenario som tilsvarar tryggleiksklasse S2 (18 mill m<sup>3</sup>) og S3 (54 mill m<sup>3</sup>) for skred for tre ulike stad i kommunen; Ramstadvika, Sykkylvsfjorden og Hundeidvik. Desse kotehøgdenene er korrigererte med havnivåstigning med klimapåslag fram til 2100. I høve havninå og havnivåstigning er dette henta frå rapport ved Nansensenteret/Bjerknessenteret og Kartverket: «Sea Level Change for Norway: Past and Present Observations and Projections to2100». For å sette ein generell kotehøgde i planområdet er det tatt utgangspunkt i høgdenene for Ramstadvika, men for Hundeidvik er det spesifisert eigne kotehøgder

Utifrå dette grunnlaget er det satt følgande kotehøgder for flodbølgeoppskylling i tryggleiksklasse 2 og 3:

Tryggleiksklasse 2: 2,7 moh (generelt i planområdet) og 1,7 moh (Hundeidvik)

Tryggleiksklasse 3: 3,7 moh (generelt i planområdet) og 2,7 moh (Hundeidvik)

I beredskapssamanheng er det fastsett større evakueringssoner i ein flodbølgesituasjon.

## 6.7 Flaumfare

I samband med klimaendringar er det forventet hyppigare og kraftigare nedbør i åra som kjem. For vårt distrikt er det til dømes berekna 21-30% høgare risiko for at ein såkalla 200-års flaum opptre (Rapporten Klima i Norge 2100)

NVE har berekna aktsemdsoner for flaumfare. Innanfor desse sonene skal det gjerast nærare vurderingar i samband med detaljplanlegging og byggetiltak. For mindre elver og bekker som ikkje er dekket av NVE si aktsemdsone kan ikkje tiltak eller reguleringsplan innanfor 20 meter på kvar side av elv/bekk godkjennast før det føreligg ei fagkunnig utgreiing og dokumentasjon av tilstrekkelig tryggleik, jf. byggtknisk forskrift kapittel 7.

## 6.8 Sårbare objekt

Det er 2 barneskular i planområdet, Hundeidvik og Velledalen. Det er Barnehage i Velledalen.

Nedslagsfelt for kommunal og private vassverk inngår i planområdet. Nedslagsfeltene er kartfesta som eigne omsynssoner med tilhøyrande føresegner. Trafostasjon på Heiane og 420-kv linje gjennom kommunen er vist med eiga omsynssone (H740).

## 6.9 Støy

Statens vegvesen har utarbeida støyvarselkart langs fylkesvegane. På kart er det vist gjennomsnittleg støynivå 4 meter over bakken i to nivå. Raud sone viser nivå > 65 dB, gul sone viser > 55 dB. Sonene er innarbeida i plankart med eigne omsynssoner (H210/220).

Bakgrunnsstøy skal vere innanfor krav i teknisk forskrift TEK 17, det vil seie ikkje overstige 55dB for nye områder.

Nye tiltak innanfor støyvarselsonene må dokumentere støydempende tiltak for å tilfredsstille krava i teknisk forskrift.

## 7 Omsynssoner (PBL § 11-8)

I planforslaget er det lagt inn omsynssoner med tilhøyrande føresegner for følgjande tema:

H110 Nedslagsfelt drikkevatt

H210/220 Aktsemdssone støy (§ 11-8 pkt. a)

H310\_1 Faresone ras- og skredfare (§ 11-8 pkt. a)

H310\_2 Aktsemdsone ras- og skredfare (§ 11-8 pkt. a)

H310\_3 Aktsemdsone kvikkleire (§ 11-8 pkt. a)

H310\_4 Aktsemdsone marin leire (§ 11-8 pkt. a)

H310\_5 Flodbølgeoppkyllingssone (§ 11-8 pkt. a)

H320\_1 Aktsemdsone flaum (§ 11-8 pkt. a)

H320\_2 Aktsemdsone flaum (§ 11-8 pkt. a)

H370 Faresone høgspantanlegg (§ 11-8 pkt. a)

H530 Friluftsliv (§ 11-8 pkt. c)

H560 Naturmiljø (§ 11-8 pkt. c)

H570 Kulturmiljø (§ 11-8 pkt. c)

H590 Sikring av mineralressurser (§ 11-8 pkt. c)

H730 Automatisk freda kulturminne

H740 Bandlegging etter anna lovverk (energilova)

H810 Stølsområde med krav om felles planlegging (§ 11-8 pkt. e)